

RDAG 17. OKTOBER

- :00 Os Orienteringsklubb, uteaktivitet
Salgsutstilling bilder v/Os og Tysnes Fotoklubber
 - :00 MX-CUP fotball på banen
Os Cheerleading , oppvisning
 - :00 Lag og organisasjoner i Os har infostand i hallen
Klatreveggen v/Os turlag
Laserskyting v/Os Skyttarlag
Bergen modell bilklubb avd Os, ute
Lynlotteri/lykkehjul
Kafé i hallen
Nornekoret synger
 - :00 Ansiksmaling kr 10,-
Fargestripe i håret kr 10,- pr stripe
Tryllekunstneren Andini
Tag the floors, dansegruppe
Osmesterskap i luftgitar og lufttrommer v/Os Rockeklubb
- Inngang hall voksne kr. 50,- barn gratis**

Mat og drikke finner du i kafeen i hallen

len

Dans v/”Undercover”
Kr. 150,- p.p. Aldersgrense 18 år. Øl & vin
Billettsalg i dør samt Hagavik Hjemmebakeri

DAG 18. OKTOBER

- :00 Os Orienteringsklubb, uteaktivitet
 - :00 MX-CUP fotball på banen
 - :00 Os brannvesen viser fram den nye brannbilen sin!
 - :00 Salgsutstilling bilder v/Os og Tysnes Fotoklubber
Lag og organisasjoner i Os har infostand i hallen
Klatreveggen v/Os Turlag
Laserskyting v/Os Skyttarlag
Bergen og Omegn Modellbilklubb (BOMBK), ute
Lynlotteri/lykkehjul
Kafé i hallen
Bingerock
 - :00 Ansiksmaling kr 10,-
 - :00 Fargestripe i håret kr 10,- pr stripe
Nore Neset Skulekorps
 - :00 Kaptein Skrekk og Kaptein JoJo sjørøvershow
Salmekveld i Nore Neset kyrkje med husorkester med elevar og lærarar frå Kongshaug Musikkgymnas
- Inngang hall voksne kr. 50,- barn gratis**

Mat og drikke finner du i kafeen i hallen

Velkommen til aktive og underholdende dagar

Nore Neset Dagane er både flytta til litt seinare på hausten og justert back to basic når vi 17. og 18. oktober opnar dørene i Aktivitetshuset.

I 7 timar laurdag og 6 timar søndag kan du og heile familien kosa deg i og rundt Nore Neset Aktivitetshus. Det blir inga Osmesse i år, den kjem vi kanskje tilbake til eit seinare år, men vi er tilbake med minst like mange kjekke aktivitetar som i starten.

Sjølve messedelen består i år av utstillarar av lag og organisasjonar i Os, blant anna Os Røde Kors, Os Turlag, 4H, Os Orienteringsklubb og Os Rockeklubb. Fleire av desse vil òg skapa aktivitetar inne og ute.

Aktivitetar - kultur - underholdning

Av aktivitetar kan vi nemna:

- Laserskyting
- Klatring
- Fotballcup
- NYTT I ÅR: Osmeisterskap i luftgitar og luft-trommer

- Nornekoret
- Tryllekunstneren Andini
- Kaptein Skrekk og Kaptein JoJo sitt sjørøvershow

Blant kultur og underholdning kan vi by på:

- Ansiksmaling og striping av hår
- Oppvising av CheeriOs (cheerleading)
- Tag The Floors - danseoppvising



Kaptein Skrekk og Kaptein JoJo

Blant andre nye innslag er Os Orienteringsklubb, som var nystarta for under eit år sidan, og som byr på ulike utfordringar utandørs. Liafjellet Opp er det Opptur Motbakkeklubb som har overtatt.

Dei arrangerer neste opptur i september neste år. Men du kan også springa til fjells under årets Nore Neset Dagane. Nore Neset il arrangerer Trimløp til Liafjellet søndag.

Komiteen for Nore Neset Dagane

øvarar og tryllekunstnar

Dagane byr på aren Andini laurdag i sjørøvershow med Skrekk og Kaptein JoJo

– Eg liker å koma så tett på publikum at ungane føler at det er dei sjølv som tryllar, seier Andini.

først og fremst om at ungane skal ha det gøy. – Eg liker å gjera triks der ungane deltar, seier Andini, utan å avsløra kva publikum skal få





Er du flink å finna fram?

Os Orienteringsklubb stiller med både lett og meir utfordrande løype under Nore Neset Dagane.

Os Orienteringsklubb blei starta i desember 2014. Første år har vore veldig aktivt.

– Vi har fått ein veldig god start og vi har fått bryna oss på nokre store arrangement, seier Marie Pontoppidan.

Klubben har blant anna fått på plass stolpejakt-løype i Os sentrum, arrangert kretsmeisterskap og hatt nesten 300 deltakarar i sving då dei arrangerte bedriftsserie.

– Nokre av medlemmane våre er tidlegare aktive, som har byrja igjen då det kom ein ny klubb. Andre er heilt ferske. Er du glad i å mosjonera i naturen, og samtidig vil ha inn eit spenningsmoment utanom, så kan orientering vera idretten for deg.

Brikkeløp på 20 sekund?

Ved sidan av å stå på stand og å arrangera orienteringsløp der du kan koma innom og ta løypa når det passar for deg, vil klubben køyra nokre brikkeløp i løpet av helga.

– Brikkeløp handlar ikkje om å finna fram, dei 5-6 postane er synlege frå start. Men du må vera rask og du må få registrert brikka på kvar post. Dette er rein spurt og veldig spennande, seier Pontoppidan.

